



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref.
14/2005

Vår ref.
14/8786 - EME

Dato
11.2.2015

Tilleggshøring - forslag til endringer i energilova

Vi viser til brev 19.12.2014 frå Olje- og energidepartementets i saka.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Vi stiller oss positive til dei løysingsmekanismane som kjem til uttrykk i utkastet, og vår tilråding er at begge mekanismane blir teke inn i lova som alternative tvisteløysingsmetodar.


I utkastet til ny § 4-9 i energilova er skiltdomsorganet omtala som «voldgiftsnemnda», og i merknadane til føresegna på side 10 proposisjonsutkastet er òg nemninga «voldgiften» brukt. I skiltdomslova, lov 14. mai 2004 nr. 25 om voldgift er ikkje desse nemningane brukte, og ein har her gjennomgåande halde seg til «voldgiftsretten». Dette samsvarar òg best med at avgjerder frå slike organ er å rekne som dommar. Vi tilrår difor at nemninga «voldgiftsretten» blir brukt òg i den eventuelle nye føresegna i energilova og i proposisjonen.

Utgangspunktet etter skiltdomslova § 12 er at ein slik rett har tre dommarar, dersom partane ikkje har avtala noko anna. Partane kan fritt avtala kor mange dommarar det skal vera i den aktuelle saka. Vi tilrår såleis at utgangspunktet òg i energilova blir at ein slik rett skal ha tre dommarar, men det kan gjerne vera høve til å avtala at det skal vera

fem dommarar i den enkelte saka.

I merknadane til utkastet til ny § 4-10 om ekspropriasjon er det sagt at departementet kan gje samtykke til ekspropriasjon dersom Statnett søker om dette. I sjølve utkastet til § 4-10 er det derimot sagt at departementet kan treffe vedtak om ekspropriasjon, noko som tilseier at initiativet til ekspropriasjon skal koma frå departementet sjølv. Det må her avklarast kva slags framgangsmåte som skal nyttast. Dersom initiativet til ekspropriasjon skal koma frå Statnett, skal departementet eventuelt gje samtykke til ekspropriasjon.

Med vennleg helsing



Harald Aass
fagdirektør



Elin M Elverhøy
seniorrådgjevar